Kinn kommune

Kinn kommune inviterer til open tilbodskonkurranse for

Rehabilitering Kunstgrasbane Florø

Sak 26/1814

1 Oppdrag

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Kinn kommune. Kinn kommune er ein kystkommune, sentralt plassert mellom Bergen og Ålesund. Kommunen med sine ca. 17.200 innbyggjarar er den 8. største kommunen i Vestland fylke. Kommunen vart samanslått 1.1.2020 av tidlegare Flora kommune og Vågsøy kommune.

1.2 Anskaffinga sitt formål og omfang

Kinn kommune vil med denne anskaffinga inngå avtale med en leverandør for rehabilitering av kunstgrasbane og treningsfelt ved Florø Stadion. Det skal leggast Kunstgras utan innfyll på både bane og treningsfelt.

Dette framkjem i kravspesifikasjon vedlegg 1.

Avtale vil bli inngått etter NS8407

1.3 Planlagd framdrift

Det vert lagt opp til følgande tidsramme for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbodsfrist kan datoar nedafor verte endra.

Planlagde milepælar	Frist
Utlysing av konkurransegrunnlag	20.04.2026
Synfaring	29.04.2026 kl. 13.00
Spørsmålsfrist	21.05.2026
Tilbodsfrist	01.06.2026 kl. 12.00
Oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om tildeling	11.06.2026
Karenstid for inngåing av kontrakt (klagefrist)	11 virkedagar etter tildeling
Kontrakt vert inngått	Snarast etter utløp av karenstid
Vedståingsfrist	3 månader frå tilbodsfrist

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen og krav til tilbod

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Vald prosedyre er open tilbodskonkurranse, jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar. Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via KGV.

2.2 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

2.3 Teieplikt

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurranse messig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.3.

2.5 Endring i konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert å sende alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, gjennom EU-Supply (kgv).

2.6 Tilleggsopplysningar

Eventuelle spørsmål skal rettast gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-Supply. Svar blir sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply.
Oppdragsgjevar sin kontaktperson for denne anskaffinga er Reidun Toft

Dersom de finn feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, så gjer vel å melde desse til kontaktperson gjennom EU-Supply i god tid før tilbodsfristen sitt utløp.

3 Kvalifikasjonskrav

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava.

3.1 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.

Kvalifikasjonskrav 1	Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Kvalifikasjonskrav 2	Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig meinast: Score på god eller betre på minst to av kriteria soliditet, likviditet og lønnsomhet.
Dokumentasjon	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annan dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.

3.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Kvalifikasjonskrav 3	Det vert kravd at leverandøren har erfaring frå levering og rehabilitering av kunstgrasbaner eller tilsvarande idrettsanlegg
Dokumentasjon	Det skal leggast ved referanseliste for minst 3 liknande oppdrag siste 3 år der ein gjev opp kunde, kontaktpersonen sitt namn og telefonnummer, omfang, verdi og varigheit av avtalen.
Kvalifikasjonskrav 4	Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt kvalitetssystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva kvalitetssystem verksemda nyttar. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som ISO 9001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner kvalitetssystemet si oppbygging og verkeområde.
Kvalifikasjonskrav 5	Det vert kravd at leverandøren har eit miljøleiingssystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva miljøleiingssystem verksemda nyttar og korleis dette vil påverke leveransen etter denne anskaffinga. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som Miljøfyrtårn, ISO 14001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner miljøleiingssystemet si oppbygging og verkeområde.

4 Tildelingskriteria

Tildelinga skjer på basis av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris/kostnad og kvalitet.

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris Under dette kriteriet vurderer ein: - tilbydd pris inkludert opsjonar	50 %	• Ferdig utfylt prisskjema i tråd med rettleiinga på skjemaet (vedlegg 9)
Kvalitet Oppdragsgjevar er her ute etter tilbod med dokumentert kvalitet. Under dette kriteriet vurderer ein: • Dokumentert kvalitet og slitestyrke • Drift- og speleeigenskapar jamfør punkt 3 i kravspesifikasjon • Referanseprosjekt for non-fill baner i nordisk klima	40%	• Dokumentasjon på kvalitet og slitestyrke - Teknisk datablad som angir strålengde, fiberdensitet og gressvekt - Testrapport(er) som dokumenterer oppfyllelse av spilleegenskaper - Beskrivelse av systemoppbygning (inkl. backing, fiberstruktur og eventuelle støtdempende lag) - Referanse prosjekter -Referanseprosjekt vil bli evaluert på bakgrunn dokumenterte erfaringar frå bruk og drift - Referanseprosjekt i evaluering gjeld kunn non-fill baner (Same produkt som tilbydd) -
Oppstart og framdrift: Det vil bli lagt vekt på: • realistisk og gjennomfør bar framdriftsplan • kapasitet og ressurssetting • evne til å minimere påverknad på idrettsaktivitet og drift • plan for risikohandtering og kritiske aktivitetar • samla gjennomføringstid	10 %	Leverandør skal levere: • framdriftsplan med hovudaktivitetar og milepælar • planlagt oppstartsdato • planlagt ferdigstillingsdato • beskriving av bemanning og kapasitet • beskriving av identifiserte framdriftsrisikoar og tiltak

4.1 Evalueringsmetode

Ved evaluering av tildelingskriteriet pris vil ein legge til grunn berekna pris oppgjeve i "samla anbodssum" i leverandøren sitt tilbod.

Det vert føreteke ei forholdsvis vurdering der beste pris vert gjeve 10 poeng, medan øvrige tilbod vert gjeve forholdsvis poengsum etter formelen: *(Lågaste pris / Tilbode pris)*10.*

Oppdragsgjevar vil vurdere tilboden kvalitet ut over minstekrav i tråd med det som framkjem i kravspesifikasjon. Ved evaluering av kvalitative kriterium vil følgjande poengskala bli lagt til grunn:

Poeng	Vurdering
10	Svært god måloppnåing
8–9	God måloppnåing
5–7	Middels måloppnåing
2–4	Låg måloppnåing
0–1	Svært låg måloppnåing.

Oppdragsgjevar vil vurdere tilbode oppstart og framdrift. Ein vil gjennomføre ei samla vurdering av kor realistisk, robust og effektiv framdriftsplanen er.

Det vil særleg bli lagt vekt på:

- sannsynleg heit for gjennomføring utan forseinkingar
- god ressursplanlegging
- effektiv gjennomføringstid
- låg risiko for driftsforstyrringar

Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å vurdere om framdriftsplanen framstår som realistisk sett opp mot tilbydd bemanning og ressursbruk.

Oppdragsgivar har lagt til grunn at den største miljøbelastninga ved kunstgrasbaner er knytt til bruk av laus fyllmasse og påfølgjande spreiing av mikroplast til omgivnadene. For å redusere denne belastninga på ein effektiv og dokumenterbar måte, er det fastsett krav om kunstgrasløysing utan laus fyllmasse (non-fill).

Kravet er direkte knytt til kontraktens gjenstand, jf. FOA § 15-1, og er vurdert som nødvendig og forholds messig for å oppnå dei miljømåla som ligg til grunn for anskaffinga.

Innlevering av tilbod

4.2 Levering av tilbod

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-Supply sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen. Systemet tillèt ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf. +47 23 96 00 10 eller på e-post til: kgv@eu-supply.com.

4.3 Komplett tilbod

Komplett tilbod skal leverast med tilbodsbrev, utfylt prisskjema og all etterspurt dokumentasjon

4.4 Alternative/parallelle tilbod

Det er ikkje høve til å gje inn alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

4.5 Tilbod på delar av oppdraget

Det er ikkje høve til å gje inn tilbod på deler av oppdraget.

5 Handsaming av tilboda

5.1 Tilbodsopning

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevaren. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det blir ikkje sendt ut åpningsprotokoll.

5.2 Avvising av leverandør

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

5.3 Avvising av tilbod

Oppdragsgjevaren skal avvise tilbodet når det på grunn av vesentleg atterhald eller feil, uklareheit eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast i høve dei andre tilboda. Oppdragsgjevaren kan avvise tilbodet når det ikkje inneheld alle dei opplysningar, oppgåver, prøver mm. som er kravd, ikkje gjev opp prisen slik som føresett i konkurransegrunnlaget, verkar unormalt lavt prisa i høve produktet/tenesta det er gjeve tilbod på, eller ikkje er signert.

6 Avgjerd av konkurransen

6.1 Avlysing av konkurransen og totalforkasting

Oppdragsgivar kan ved sakleg grunn avlyse konkurransen.

6.2 Tildeling av oppdrag

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med "kontrakt vert inngått" meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Vi gjer merksam på at totalpris slik den framkjem i leverandør sitt tilbod, vil være offentleg informasjon og kan sendast ut i tildelingsmelding.

7 Vedlegg

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon

Vedlegg 2 - 2607- A-10-01 Situasjonsplan
Vedlegg 3 - 2607- A-10-02 Tiltak, del 1
Vedlegg 4 - 2607- A-10-03 Tiltak, del 2
Vedlegg 5 - 2607- A-10-04 Tiltak, del 3
Vedlegg 6 - 2607- A-10-05 Tiltak, del 4
Vedlegg 7 - 2607- A-10-06 Bilder område
Vedlegg 8 - Florø kunstgras 2026
Vedlegg 9 – Prisskjema
Vedlegg 10 – Forpliktelseserklæring
Vedlegg 11 – Seriøsitetskrav Kinn kommune
Vedlegg 12 – Fullmakt til innhenting av utvida skatteattest
Vedlegg 13 - Egenerklæring om russisk involvering